

Ungdata

Vestland



Resultat frå Ungdata-undersøkinga i
Vestland 2021

Ungdomstrinnet

Rapporten er utarbeidd av Ungdatasenteret i samarbeid med KoRus - Vest Bergen

Foto: Skjalg Bøhmer Vold/Ungdata

Ungdatasenteret

Velferdsforskningsinstituttet NOVA
OsloMet – storbyuniversitetet
Stensberggata 26
Postboks 4, St. Olavs plass
0130 OSLO
67 23 50 00
www.oslomet.no
www.ungdata.no

KoRus - Vest Bergen

Stiftelsen Bergensklinikkene
Vestre Torggt 11
5015 BERGEN
55 90 86 03
www.bergensklinikkene.com/korus
www.bergensklinikkene.no

Innhold

	<u>Om rapporten</u>	2
Kapittel 1	<u>Livskvalitet</u>	4
Kapittel 2	<u>Venner</u>	6
Kapittel 3	<u>Foreldre</u>	10
Kapittel 4	<u>Skule</u>	12
Kapittel 5	<u>Lokalmiljøet</u>	16
Kapittel 6	<u>Framtid</u>	18
Kapittel 7	<u>Medium</u>	20
Kapittel 8	<u>Organisert fritid</u>	22
Kapittel 9	<u>Trening og fysisk aktivitet</u>	24
Kapittel 10	<u>Helse</u>	26
Kapittel 11	<u>Rusmiddel</u>	32
Kapittel 12	<u>Regelbrot</u>	36
Kapittel 13	<u>Vald og trakassering</u>	38
	<u>Nøkkeltal</u>	42
	<u>Definisjonar</u>	46
	<u>Litteratur</u>	48

Om rapporten

Ungdata er eit spørjeskjema basert verktøy som gjev eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga blir gjennomført på skular over heile landet og nyttar eit standardisert og kvalitetssikra spørjeskjema som gjer det mogleg å samanlikne ungdommar sin situasjon på ulike stader og over tid.

Denne rapporten presenterer hovudresultata frå Ungdata-undersøkinga som blei gjennomført blant ungdomsskuleelevar i Vestland våren 2021. Rapporten tek føre seg ulike tema som til saman gjev ei oversikt over korleis ungdom har det og kva dei driv med i kvardagen. Innanfor kvart tema blir det opplyst kva gutar og jenter har svart på spørsmåla, og om det er forskjellar mellom ungdom på ulike klassetrinn. Alle resultata i rapporten er oppgjevne i prosent.

I rapporten blir resultata for 2021 samanlikna med eventuelle tidlegare Ungdata-undersøkingar som er gjennomførte i kommunen. Resultata blir òg samanlikna med landsrepresentative tal som er baserte på Ungdata-undersøkingar gjennomførte over heile landet i åra 2018–2020.

Kva kan Ungdata seie noko om?

Intensjonen bak Ungdata er å kartlegge korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga omfattar tema som er knytte til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar. Ved å spørje ungdom direkte om desse temaa kan Ungdata gje ei oversikt over kor mange det er som til dømes trivst i lokalmiljøet sitt eller som driv med idrett.

Resultata må tolkast lokalt, og dei kan gje ein peikepinn på kva for område kommunen særleg bør jobbe med framover.

Dei fleste kommunane i landet bruker Ungdata som eitt av fleire kunnskapsgrunnlag for å vidareutvikle den lokale oppvekstpolitikken. Dataa blir brukte i det førebyggjande folkehelsearbeidet. Resultata frå Ungdata kan òg brukast til å gjere ungdom medvitne om korleis andre ungdommar har det og kva som er vanlege aktivitetar blant ungdom.

Om rapporten

Denne rapporten er ein del av gratistilbodet som blir gjeve til alle kommunar som ønskjer å delta i Ungdata. Alle tala er henta frå den lokale undersøkinga, medan tekstane er utforma slik at dei skal passe for alle kommunar. Det er derfor ikkje gjort eigne vurderingar av kva dei konkrete resultata betyr for den enkelte kommunen.

Ungdata blir gjennomført ved at skuleelevar over heile landet svarer på eit elektronisk spørjeskjema som omfattar ulike sider ved livssituasjonen deira. Undersøkinga blir gjennomført i skuletida med ein vaksen til stades i klasserommet. Det tek dei fleste mellom 30 og 45 minutt å svare på alle spørsmåla.

Undersøkinga er anonym, og det er frivillig for ungdommane om dei ønskjer å vere med eller ikkje. Alle foreldre blir informerte om undersøkinga på førehand og kan seie frå til skulen dersom dei ikkje ønskjer at barnet deira skal delta.

” **I Ungdata blir ungdommar spurde om korleis dei har det og kva dei driv med i fritida**

Spørjeskjemaet som blir brukt i Ungdata, er tilpassa elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Denne rapporten dekkjer berre ungdomstrinnet. Kommunar som gjennomfører undersøkinga på vidaregåande skular, får eigne rapportar som viser resultata frå den delen av undersøkinga.

Bakarst i denne rapporten finst det ei oversikt over nøkkeltal på tvers av ulike temaområde som viser korleis ungdom i kommunen har det samanlikna med ungdom i heile landet. Ungdom i kommunen blir òg samanlikna med ungdom som bur i meir eller mindre sentrale kommunar i landet.

På nettsida ungdata.no finst resultat frå Ungdata-undersøkingar som er gjennomførte i andre kommunar. Her finst det meir informasjon om undersøkinga og om metodane som er brukte. Her kan ein òg få tilgang til forskingsrapportar som er baserte på Ungdata.

Kva ungdom i Vestland synest om å vere med i Ungdata-undersøkinga. Prosentdelen som meiner at utsegnene stemmer



Kven står bak Ungdata?

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet (tidl. Høgskolen i Oslo og Akershus) og sju regionale kompetansesenter innanfor rusfeltet (KoRus) står bak Ungdata.

Undersøkinga blir gjennomført i samarbeid med kommunane, som står for den praktiske gjennomføringa på skulane.

Data frå alle dei lokale undersøkingane blir samla i den nasjonale Ungdatabasen. Databasen inneheld svar frå meir enn 600 000 ungdommar som har delteke i Ungdata sidan dei første undersøkingane blei gjennomførte i 2010.

Helsedirektoratet finansierer Ungdata som eit gratistilbod til alle kommunane i Noreg.

Fakta om undersøkinga i Vestland


Undersøkinga blei gjennomført i perioden
Februar - mars

Deltakarar i undersøkinga
Elevar frå 8. til 10. trinn

Talet på elevar som deltok
18734

Svarprosent
84

Talet på gutar og jenter på ulike klassetrinn som svarte på undersøkinga i Vestland



Om tolkinga av resultatata

Når ein tolkar resultatata, kan det vere lurt å ta omsyn til at det alltid er ei viss statistisk usikkerheit knytt til dei oppgjevne prosenttala. Usikkerheita er størst i dei tilfella der det er relativt få ungdommar som har svart på undersøkinga.

Livskvalitet

Livskvalitet handlar om det som gjer livet godt å leve og har både materielle og subjektive sider. For nokre er livskvalitet ei subjektiv oppleving av det livet ein lever og handlar om trivsel og kor nøgd ein er med livet sitt, men òg om kjensla av å vere til nytte eller å oppleve meistring. Ungdommar som har det bra, har ofte eit positivt sjølvbilete. Ei viktig side av livskvalitet handlar derfor om korleis vi ser på oss sjølve, både på godt og vondt.

Livskvalitet blir utvikla i og påverka av samspel med andre. Positive tilbakemeldingar kan bidra til eit positivt sjølvbilete og betre trivsel, medan stadig kritikk kan ha motsett verknad. Det å bli kjend med seg sjølv og finne ut av kva ein står for er ein viktig del av ungdomstida. Derfor er denne fasen av livet ein periode då mange kan vere særleg sårbare for andre sine kommentarar.

Livskvalitet kan målast på ulike måtar. I Ungdata får ungdommane eit heilt generelt spørsmål om kor tilfredse dei er med det livet dei lever. Ungdommane får òg spørsmål om positive tankar og kjensler – om kor glade og energiske dei er, om dei opplever meistringskjensle og kjenner seg nyttige og om korleis dei ser på seg sjølve.

Dei fleste spørsmåla i dette kapittelet var med i Ungdata for første gong i 2020.


Resultata viser at det store fleirtalet har det godt. Dei aller fleste er nøgde med korleis dei er, og mange er nøgde med korleis dei har det. Ein klar majoritet opplever at det livet dei lever, gjev mening. Samstundes finst det òg ein god del ungdommar som gjev uttrykk for at ikkje alt er like greitt.

Kor tilfredse er ungdom med livet?


Kor tilfredse ungdom er med livet dei lever, blei målt ved at dei fekk dette spørsmålet: «Nedanfor er det ein skala frå 0 til 10. Toppen av skalaen (10) står for det beste moglege livet for deg og botnen (0) det verste moglege livet for deg. Kvar synest du at du står på denne skalaen no for tida?»

Dei som kryssa av for 6 eller høgare på skalaen, blir rekna for å vere tilfredse med livet sitt.


Prosentdel av gutar og jenter på ulike klassetrinn som er tilfredse med livet sitt (seks eller fleire poeng på skalaen frå 0 til 10)




Korleis ungdom plasserer seg på ein skala frå 0 til 10 der 0 er det verste livet dei kan tenkje seg og 10 er det beste moglege livet. Prosent



Korleis ungdom oppfattar seg sjølve og livet sitt. Prosent som er einige og ueinige



Prosentdel gutar og jenter som er einige i ulike utsegnar om seg sjølv og livet sitt




Livskvalitet


Ungdata kartlegg fleire aspekt av det vi kan kalle dei kjenslemessige sidene av dei unge sin livskvalitet, som til dømes glede, energi og engasjement. Dei siste åra har ein blitt meir merksame på det som blir kalla eudaimoniske aspekt ved folk sin livskvalitet. Å kjenne seg nyttig, oppleve meistring og få utnytta potensialet sitt er sentrale aspekt av denne forma for livskvalitet. I Ungdata får ungdommane òg spørsmål om slike faktorar.

” **Dei fleste ungdommane er godt nøgde med livet sitt**

Tenk på korleis du har hatt det den siste veka. Kor ofte har du...



Prosentdel gutar og jenter som den siste veka heile tida eller ofte har...




Venner

Ungdomstida blir gjerne skildra som ein livsfase der jamaldringar er særleg viktige. For dei fleste er venner på same alder ei kjelde til leik, glede, støtte, samhøyr og stadfesting. Vennene si tyding endrar seg ofte i overgangen frå barn til tenåring. Medan leiken står i sentrum for dei yngste, har det etter kvart like mykje å seie kven ein er saman med som kva ein gjer.

Rolla dei jamaldra vennene spelar i livet til den enkelte ungdommen, vil òg variere. Medan nokre trivst godt med éin eller to venner, er andre opptekne av å ha ein stor vennegjeng eller flest mogleg kontaktar på sosiale medium. Sosiale medium har gjeve ungdom ein ny arena å vere saman på. Ungdommane deler informasjon og opplysningar om liva sine, kva dei gjer og kven dei er saman med, på ein annan måte enn foreldra deira gjorde. Dette har endra vilkåra for og forma på samvær med venner. For mange vil likevel kvaliteten på vennskapane framleis vere viktigare enn talet og korleis ein er saman.


På lengre sikt er jamaldringane viktige for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Mange knyter òg vennskap i ungdomstida som varer livet ut. Å ha venner er viktig fordi det gjev ei oppleving av å vere godteken. Kva venner ein har markerer tilhøyrse og seier òg noko om kven ein er. Det er derfor positivt når Ungdata viser at dei aller fleste ungdommane har venner å vere saman med. Det er samstundes urovekkjande at kvar tiande ungdom i Noreg manglar venner dei kan stole på og snakke med om alt mogleg.

Har du minst éin venn som du kan stole på og tru deg til om alt mogleg? Prosent i Vestland og nasjonalt




” **Ni av ti unge i Noreg har ein venn dei kan snakke med om alt mogleg**


Prosentdel som har ein fortruleg venn. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Har du nokon å vere saman med på fritida?




Har du nokon å vere saman med i friminutta på skulen?



Kor mange som har venner å vere saman med på fritida. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Kor mange som har venner å vere saman med i friminutta på skulen. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har minst éin fortruleg venn




Kor mange gonger har du vore saman med venner heime hos deg eller hos dei i løpet av den siste veka? Prosent i Vestland




Kor mange gonger har du vore ute saman med venner størsteparten av kvelden? Prosent i Vestland og nasjonalt



Prosentdel som har vore heime med venner minst to gonger i løpet av den siste veka. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Prosentdel som har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka




Kor mange gonger i løpet av den siste veka har du vore sosial på nettet størstedelen av kvelden? Prosent i Vestland og nasjonalt




Kor mange gonger i løpet av den siste veka har du spelt online-spel med andre størstedelen av kvelden? Prosent i Vestland og nasjonalt




Prosentdel som har vore sosiale på nettet størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn




Prosentdel som har spelt online-spel med andre størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Har du i løpet av den siste veka vore plaga av at du har kjent deg einsam? Prosent i Vestland og nasjonalt



Prosentdel som har vore veldig mykje plaga av kjensla av å vere einsam i løpet av den siste veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Foreldre


Sjølv om ein stor del av barndommen og ungdomstida går føre seg innanfor rammene av barnehage, skule og ulike fritidsordningar, er foreldra og dei næraste føresette framleis dei viktigaste omsorgspersonane i oppveksten. Etter barnelova har foreldre plikt til å sørgje for økonomisk underhald og omsorg, og dei skal sikre ei forsvarleg oppseding og at barnet får ei utdanning. Foreldra sine ressursar – økonomisk, kulturelt og sosialt – dannar grunnlaget for levekåra og livskvaliteten til barn og unge. Studiar tyder på at foreldra har mykje å seie for dei unge sine utdanningsval og fritidsinteresser.

Samstundes som foreldra er viktige, er lausriving og det å bli ein sjølvstendig person òg ein del av det å vere ung. Etter kvart som barn blir eldre, blir deira egne meiningar og interesser viktigare. Her kan det ligge ein kime til konflikhtar mellom dei unge og foreldra.

Likevel varer som regel den emosjonelle nærleiken til foreldra ved utover i ungdomstida. Dei fleste ungdommar i dag har eit tillitsfullt og nært forhold til foreldra sine, og mykje tyder på at den avstanden eller generasjonskløfta vi har vore vande med å snakke om mellom ungdommen og foreldregenerasjonen, har blitt mindre. At banda mellom dagens ungdom og foreldra deira er prega av tillit, blir understreka av at svært mange opplever at foreldra har god oversikt over kva dei gjer i fritida og kven dei er saman med.


Ungdata viser òg at dei færraste ungdommar opplever stadige kranclar med foreldra, og at det store fleirtalet er svært godt nøgde med foreldra sine. For mange unge er foreldra dei viktigaste støttespelarane når det oppstår problem av ulike slag.

Kor nøgd eller misnøgd er du med foreldra dine? Prosent i Vestland og nasjonalt




” Det store fleirtalet av ungdommar i dag er godt nøgde med foreldra sine


Prosentdel som er nøgde med foreldra sine. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Korleis ungdommar opplever foreldra sine



Hender det at foreldra dine eller dine føresette manglar pengar til å betale for fritidsaktivitetar som du ønskjer å delta i (idrett, kino, bursdagar, reiser osv.)?



I kvardagen, kor ofte er du saman med dine foreldre/føresette?




Foreldrerelasjonar

Det er fleire spørsmål om foreldre i Ungdata. Som ein hovudindikator på korleis ungdommar opplever foreldra sine, bruker vi eit spørsmål om kor nøgde eller misnøgde ungdommen er med ulike sider av livet. Ein av faktorane dei skal vurdere er «foreldra dine» – og dei blir bedne om å krysse av for «svært nøgd», «litt nøgd», «korkje nøgd eller misnøgde», «litt misnøgde» eller «svært misnøgde».

Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med foreldra sine



Skule


Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein viktig arena for sosialt samvær. Skulen er ein stad der vennskap blir utvikla – både i timane, i friminutta og på skulevegen. I ei tid der digitale kommunikasjonsformer pregar mykje av fritida til ungdommen, blir den sosiale sida ved skulesituasjonen, og det fysiske samværet der, kanskje ein enno viktigare del av livet til dei unge enn tidlegare.

For mange unge er ikkje skulekvardagen ferdig når skuleklokka ringjer. Ungdata viser at ungdom flest bruker ein del tid på skulearbeid etter skuletid. Samstundes er det stor variasjon i kor mykje tid kvar enkelt bruker. Medan nokre ikkje gjer lekser i det heile teke, bruker andre fleire timar kvar dag. Jentene bruker i gjennomsnitt meir tid på lekser enn gutane.

Lekser kan leggje grunnlaget for gode arbeidsvanar seinare i livet, og det kan vere ein effektiv måte for skulen å få involvert foreldra i skulearbeidet på. Den viktigaste grunngevinga ligg likevel i forventninga om at lekser aukar læring, men forskning tyder ikkje på at leksearbeid i seg sjølv har særleg stor læringseffekt. Det vil mellom anna komme an på under kva vilkår leksene blir gjevne og korleis skulearbeidet blir gjort, men òg på tilbakemeldingane frå lærarane i etterkant.


Ein god del unge opplever skulearbeidet som stressande. Positivt stress kan vere bra og hjelpe ungdommen med å fokusere på læringsoppgåvene. Samstundes kan stress vere negativt, særleg for dei som opplever vedvarande stress over tid og at gapet mellom egne ambisjonar og det ein får til blir for stort.

Kor nøgd er du med skulen du går på? Prosent i Vestland og nasjonalt




” Skulen er ein god stad å vere for dei aller fleste – men ikkje for alle


Prosentdel som er nøgde med skulen dei går på. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Kor mange som er einige og ueinige i ulike utsegner om korleis dei har det på skulen



Prosentdel gutar og jenter som er litt eller heilt einige i ulike utsegner om korleis dei har det på skulen



” Den generelle trivselen i norsk skule er god

Skuletrivsel

Resultata viser òg at dei fleste trivst på skulen. Det store fleirtalet meiner at lærarane bryr seg om dei og at dei passar inn blant jamaldringane på skulen. Svare tyder på at den norske skulen på mange måtar har lukkast med å skape eit læringsmiljø som det store fleirtalet av elevane opplever som positivt. Det finst likevel nokre som har negative opplevingar knytte til skulen. Eit mindretal gruer seg ofte til å gå på skulen, og ganske mange opplever skulen som keisam.

Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med skulen dei går på




Lekser

Ungdata kartlegg kor mykje tid ungdom bruker på lekser gjennom eit spørsmål der dei blir bedne om å svare på kor lang tid dei bruker på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida på ein gjennomsnittleg dag. Svara viser at det er stor variasjon i kor mykje tid ungdom bruker på lekser.

” Det varierer mykje kor lang tid ungdom bruker på skulearbeid utanom skuletida

Prosentdel som bruker minst éin time kvar dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som bruker minst éin time kvar dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida




Kor lang tid bruker du i gjennomsnitt per dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida? Vestland og nasjonalt




Kor ofte blir du stressa av skulearbeidet? Vestland og nasjonalt



Kor mange gonger har du skulka skulen det siste året? Vestland og nasjonalt



Prosentdel som har skulka skulen minst éin gong i løpet av det siste året. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har skulka skulen minst éin gong i løpet av det siste året




Skulk

Motivasjon for å lære er ei drivkraft som har mykje å seie for korleis den enkelte gjer det på skulen og for elevane sin sjanse til å gjennomføre skulegongen sin på ein god måte.

Motivasjonen kan vise seg på ulike måtar, både gjennom arbeidsinnsats og elevane sine utdanningsval og på om dei sluttar opp om føremålet og reglane til skulen. Å skulke skulen, særleg når det skjer fleire gonger, kan signalisere at elevar manglar motivasjon. Det kan vere mange ulike årsaker til skulking, og ofte kan det vere ting som ikkje har noko direkte med skulen å gjere.

I løpet av det siste året, kor mange gonger har du med vilje fuska på ein prøve eller ei innlevering du skulle få karakter på?




Lokalmiljøet

Å vekse opp tyder som regel å vekse opp på ein bestemd stad. Ulike lokalmiljø kan gje ulike moglegheiter til å utfalde seg og ha sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalde seg, og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhørslse i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Oppløvinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.

Trygge og sunne lokalmiljø er særleg viktige for velferda til barn og unge, sidan dei som regel bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra og andre vaksne. Barn og unge kan òg ha andre meiningar enn vaksne om kva som gjev livskvalitet på heimstaden. Derfor er det viktig å spørje dei om korleis dei opplever staden der dei bur.


Ungdata viser at ungdommar flest er ganske eller særleg godt nøgde med lokalmiljøet sitt. Men det finst òg ein del som ikkje er så godt nøgde. Prosentdelen unge som er nøgde med staden der dei bur, søkk gjerne i løpet av ungdomsskulen. Dette gjer seg ofte meir gjeldande for jentene enn for gutane. Kva ungdommen er nøgd og misnøgd med, varierer mykje frå kommune til kommune. Dette viser at kommunane kan gjere mykje for å leggje til rette for at ungdommen skal trivast.

Kor godt nøgd er du med lokalmiljøet der du bur? Prosent i Vestland og nasjonalt




” Unge i dag veks opp i ei globalisert verd. Det lokale og det å høyre til i nærmiljøet er likevel svært viktig i livet til ungdommen


Prosentdel som er nøgde med lokalmiljøet. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjeld...



Prosentdel gutar og jenter som opplever ulike tilbod til ungdom i nærmiljøet som svært eller nokså bra




Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å vere i nærområdet der du bur? Prosent i Vestland og nasjonalt



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med lokalmiljøet der dei bur




Framtid

I dag har vi med ein utdanningsorientert ungdomsgenerasjon å gjere. Aldri tidlegare har så mange unge teke så lange utdanningar som i dag. Mot slutten av 20-åra har meir enn halvparten av jentene og om lag ein tredel av gutane teke ei høgare utdanning.


Eit av dei sentrale måla i norsk utdanningspolitikk er sosial utjamning, slik at alle skal ha dei same moglegheitene til utdanning. Sjølv om at vi har eit ope utdanningssystem med gode finansieringsordningar, er det framleis store forskjellar i val og gjennomføring av utdanning etter utdanningsnivået, inntekta og yrkesstatusen til foreldra. Dei aller fleste byrjar direkte i vidaregåande opplæring etter grunnskulen. Likevel er det ikkje alle som fullfører. Om lag éin av tre fell frå undervegs eller har ikkje bestått opplæringa etter fem år. Prosentdelen som gjennomfører har auka litt dei siste åra, men fordi vidaregåande utdanning i større og større grad er eit vilkår for å komme inn i arbeidslivet, er det eit nasjonalt mål å auke delen som gjennomfører enno meir.

Dei fleste ungdomsskuleelevene trur at dei vil fullføre vidaregåande skule, og ein klar majoritet trur at dei kjem til å ta universitets- eller høgskuleutdanning. Fram til 2015 var det ein nasjonal trend i retning av at stadig fleire unge trudde at dei ville komme til å ta høgare utdanning. Tala for dei siste åra tyder på at denne trenden er broten eller har flata ut. På andre område ser vi ein tydeleg trend i retning av mindre framtidsoptimisme. Prosentdelen som trur at dei aldri kjem til å bli arbeidsledige, har gått markant ned, og færre enn før trur at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv.


Trur du at du vil komme til å fullføre vidaregåande skule? Prosent i Vestland og nasjonalt




Trur du at du vil komme til å ta utdanning på universitet eller høgskule? Prosent i Vestland og nasjonalt




Prosentdel som trur at dei vil fullføre vidaregåande skule. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Prosentdel som trur dei vil ta utdanning på universitet eller høgskule. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Trur du at du nokon gong vil bli arbeidsledig? Prosent i Vestland og nasjonalt




Trur du at du kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv? Prosent i Vestland og nasjonalt



Prosentdel som trur at dei nokon gong kjem til å bli arbeidsledige. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Prosentdel som trur dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som trur at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv




Medium

I dag spelar digitale medium ei sentral rolle i ungdommen sitt kvardagsliv, både for skularbeid og det sosiale livet. Teknologien gjer at barn og unge kjem i kontakt med jamaldringar på nye måtar. Særleg er dei sosiale media ein sentral formidlingskanal for det som elles skjer i ungdomskulturane. Det kan handle om alt frå å halde kontakten med venner til å arrangere festar, konsertar eller politiske markeringar. Mange bruker mykje av fritida si på internett, og det kan ha store sosiale kostnader for den enkelte unge å ikkje vere til stades. Samstundes har digitale medium gjort ungdommen si verd større. Dette tyder at den geografiske staden der dei veks opp får mindre å seie for kven dei kjem i kontakt med og kva impulsar dei får.

Sjølv om mange bruker mykje av fritida si på digitale skjermaktivitetar, er det òg stor variasjon mellom ungdommar. På landsbasis viser tala at nokre få bruker mindre enn ein time kvar dag framfor ein skjerm, medan i overkant av halvparten bruker meir enn tre timar. Skjermtida aukar gjennom ungdomstrinnet, og det er vanleg at gutar til saman bruker noko meir tid på skjermbaserte aktivitetar enn jenter.


Prosentdelen unge som bruker minst tre timar framfor ein skjerm har gått opp sidan 2005. Den største auken finn vi blant jenter på ungdomstrinnet, og dette heng saman med at stadig fleire bruker mykje tid på sosiale medium. Det er òg store kjønnsforskjellar i ungdommen sine skjermaktivitetar. Medan gutar er mykje meir opptekne av spel, er jenter oftare på sosiale medium. Samla bruker jenter òg noko meir tid enn gutar på filmar, seriar og TV-program.

Utanom skulen, kor lang tid bruker du vanlegvis framfor ein skjerm i løpet av ein dag? Prosent i Vestland og nasjonalt




” **Stadig meir av fritida til dei unge blir brukt på skjermbaserte aktivitetar**


Prosentdel som bruker minst tre timar kvar dag framfor ein skjerm. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Kor mykje tid bruker du på desse tinga ein gjennomsnittsdag?



Prosentdel som bruker minst to timar kvar dag på elektroniske spel. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Prosentdel som bruker minst to timar kvar dag på sosiale medium. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som bruker meir enn tre timar kvar dag framfor ein skjerm



Organisert fritid


Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gjev andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle situasjonar. På sitt beste gjev organisasjonane gode og varierte opplevingar og gjev ungdommen moglegheiter til å utvikle evnene sine og trening i å fungere i ein fellesskap, ytre eigne meiningar og jobbe målretta.

Samstundes går ein ofte ut frå at barne- og ungdomsorganisasjonane spelar ei førebyggjande rolle. Forsking tyder likevel på at samanhangen mellom til dømes rusmiddelbruk og organisasjonsdeltaking varierer ein del med organisasjonstypen. Det er òg slik at mange av organisasjonane særleg rekrutterer ungdom som i utgangspunktet er blant dei mest «veltilpassa».

Ungdata viser at dei aller fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Sjølv om det er ein viss nedgang i løpet av ungdomsåra, deltek framleis to av tre ungdomsskuleelevar på landsbasis i ei eller anna form for organisert fritidsaktivitet. Idretten organiserer klart flest.


Dei nasjonale tala frå Ungdata viser at prosentdelen som er med på organiserte aktivitetar, har halde seg nokså stabil det siste tiåret.

Er du, eller har du tidlegare vore, med i organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år? Prosent i Vestland og nasjonalt




” **Dei fleste er med på ei eller anna form for organisert fritidsaktivitet**


Prosentdel som aldri har vore med i organisasjonar, klubbar eller lag. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Kor mange gonger har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i desse typane organisasjonar, klubbar eller lag i løpet av den siste månaden?



Prosentdel som har delteke på organiserte fritidsaktivitetar minst fem gonger i løpet av den siste månaden. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Aktiv i organiserte fritidsaktivitetar

Deltakinga i organiserte fritidsaktivitetar er kartlagd ved hjelp av spørsmål som måler kor mange gonger i løpet av den siste månaden ungdom har vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i ulike typar foreiningar, lag og klubbar.

I Ungdata-resultata som blir presenterte, dekkjer det å vere «aktiv i fritidsorganisasjon» dei som svarer at dei har vore med på slike aktivitetar minst fem gonger i løpet av den siste månaden.

Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er med i organisasjonar, klubbar eller lag




Trening og fysisk aktivitet

Media kan av og til gje eit inntrykk av at norsk ungdom held på å forfalle fysisk. Forsking viser derimot at det er like mange som trenar i dag som det var for 20 år sidan. Dei fleste ungdommar trenar, men det er stor variasjon i kva for treningsaktivitetar dei driv med. Medan mange spelar handball, basket, fotball eller driv med annan idrett gjennom eit idrettslag, har andre treningscenteret som sin faste treningsarena. Det er òg mange unge som trenar på eiga hand, anten heilt aleine eller saman med venner.

Ungdata viser at tre av fire norske tenåringar er med i organisert idrettslag i løpet av ungdomstida, og at endå fleire har vore med som barn. Rekrutteringa til idrettslaga er høg dei fleste stader i landet, og ingen andre organiserte fritidsaktivitetar aktiviserer ein så stor del av ungdommen. Samstundes er fråfallet frå ungdomsidretten høgt. Nesten seks av ti som har vore med i ungdomsidretten, sluttar før dei blir 18 år. Ungdomstida er ei tid då mange får nye interesser, og det er naturleg at mange vel andre måtar å vere fysisk aktive på.


Fråfallet skjer nokså jamt utover i ungdomsalderen, men det er fleire som sluttar i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande enn elles. Fråfallet er større for jentene enn for gutane, og særleg er det fleire jenter som sluttar i overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande. Det er òg ein sosial profil på fråfallet i ungdomsidretten. Mange fleire av dei som veks opp i mindre ressurssterke familiar, sluttar i ungdomsidretten, og ein god del sluttar nokså tidleg i tenåra. Ungdom frå høgare sosial lag blir såleis verande lenger i ungdomsidretten. I mange idrettar blir det stilt store krav til utstyr og deltaking, og det kan koste ein god del å vere med. Dette kan vere ei utfordring når det gjeld å nå overordna målsetjingar om «idrettsglede for alle».

Kor ofte trenar du? Prosent i Vestland og nasjonalt




” Å trene er noko dei aller fleste driv med. Nokre ungdommar trenar svært mykje


Prosentdel som trenar minst éin gong i veka. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Kor ofte ungdom trenar på ulike måtar




Kor ofte er du så fysisk aktiv at du blir andpusten eller sveitt? Prosent i Vestland og nasjonalt



Tenk på dei siste sju dagane. Kor mange dagar var du så fysisk aktiv at du blei andpusten eller sveitt i minst 60 minutt til saman i løpet av ein dag?



Kor ofte ungdom er med på aktivitetane som er lista opp, når ein ser bort frå det dei eventuelt driv med gjennom ein idrettsklubb




Helse

Dei aller fleste unge har god helse. Ungdomstida er ein periode med store forandringar, både kroppslig og mentalt. I løpet av ungdomsskulen har dei fleste komme i puberteten, og mange har byrja å få kjensler overfor seg sjølve og andre som dei ikkje hadde som barn. For mange er dette ei spennande tid der dei får nye erfaringar, utviklar seg sosialt og prøver ut ting dei aldri har gjort før. Samstundes er dei tidlege tenåra ein periode der stadig fleire opplever ulike former for psykiske helseplager, og der vonde tankar og kjensler vil kunne prege korleis dei fungerer i kvardagslivet.

Det er generelt større fokus på helse i dag enn tidlegare, og større kunnskap om risikofaktorar har gjort at vi i dag er meir opptekne av å førebyggje dårleg helse. Samstundes har vi sannsynlegvis blitt flinkare til å kjenne etter korleis vi har det, og dette kan påvirke korleis ein vurderer sin eigen helsesituasjon. Ungdata viser likevel at dei fleste unge er nøgde med si eiga helse. Det er ein tendens til at fleire blir misnøgde med si eiga helse etter kvart som dei blir eldre. På landsbasis er det litt fleire jenter enn gutar som er misnøgde. Jenter bruker òg ulike helsetenester litt oftare enn gutar.

Livsstilsvanar blir etablerte tidleg i livet, og derfor er ungdom ei sentral målgruppe for førebyggjande helsearbeid. Barn har jamt over eit høgt fysisk aktivitetsnivå opp til ein viss alder, men aktivitetsnivået søkk med alderen. Studiar viser at 15-åringar er mykje mindre fysisk aktive enn til dømes 9-åringar. Jenter er noko mindre fysisk aktive enn gutar. Dei siste tiåra har vi sett ein tydeleg trend der prosentdelen unge som røykjer har gått kraftig ned i Noreg. Etter tusenårsskiftet har det òg vore ein klar nedgang i alkoholforbruket blant dei unge.

Kor nøgd er du med helsa di? Prosent i Vestland og nasjonalt




Helse


Eigenvurdert helse er ein viktig indikator for sjukelegheit og bruk av helsetenester og blir brukt til å overvake befolkninga sin helsestatus over tid.

Nasjonalt svarer om lag to av tre at dei er nøgde med helsa si, medan nærare éin av fem er misnøgde. Gutar er i gjennomsnitt noko meir nøgde med si eiga helse enn jenter.


Prosentdel som er nøgde med helsa si. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Har du vore plaga av hovudverk den siste månaden? Vestland og nasjonalt




Har du hatt andre fysiske plager (til dømes kvalme, mageverk, smerter i ledd, nakke eller musklar) den siste månaden?



Prosentdel som har hatt hovudverk kvar dag den siste månaden. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Prosentdel som har hatt andre fysiske plager (enn hovudverk) kvar dag den siste månaden. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er nøgde med helsa si




Prosentdel som har brukt desse helsetenestene i løpet av det siste året. Vestland og nasjonalt




Kor ofte har du brukt smertestillande tabletter (Paracet, Ibux og liknande) i løpet av den siste månaden? Vestland og nasjonalt



Prosentdel gutar og jenter som har brukt ulike helsetenester i løpet av det siste året



Prosentdel som bruker reseptfrie smertestillande kvar veke eller kvar dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevar på ungdomstrinnet som bruker reseptfrie smertestillande kvar veke eller kvar dag



Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette?



Prosentdel som har hatt mange psykiske plager dei siste sju dagane. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Psykiske helseplager

I denne rapporten definerer vi det som å ha «mange psykiske plager» dersom ein ungdom i gjennomsnitt har kryssa av for at han eller ho – i løpet av ei veke – er «ganske mykje plaga» av alle dei seks plagene i figuren over.

Det er viktig å presisere at Ungdata ikkje fangar opp det som ut frå kliniske kriterium blir rekna for depresjon eller depressive lidningar. Mange av dei plagene vi spør om i Ungdata-undersøkinga er kvardagsplager som mange har, men som kan vere utfordrande nok for mange av dei som opplever dei, og særleg for dei som har eit vedvarande høgt nivå av slike helseplager.

Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som i løpet av dei siste sju dagane har hatt mange psykiske plager



Stress og press


I diskusjonane om korleis det er å vere ung i dag høyrer ein ofte at ungdommen opplever mykje prestasjonspress og at det er sterke forventningar til den enkelte om å vere best, anten det gjeld å sjå bra ut, vere god på skulen eller i idrett, eller vere vellukka på sosiale medium.

Men kor mange er det eigentleg som opplever press i kvardagen – og kor mange har problem med å takle presset dei blir utsette for?


Stress kan vere både positivt og negativt. Det kan til dømes vere positivt når det gjev deg ekstra energi og gjer deg i stand til å fokusere og prestere betre. Men stress har òg negative sider og kan i verste fall vere helsefarleg. Det negative stresset oppstår gjerne når det er ein tydeleg ubalanse over tid mellom utfordringane ein opplever og ressursane ein har til å handtere situasjonen.

I Ungdata blir denne typen negativt stress kartlagt ved å spørje ungdommen om dei har opplevd så mykje press den siste veka at dei har hatt problem med å takle det.


Har du opplevd så mykje press den siste veka at du har hatt problem med å takle det?




Opplever du press i kvardagen?




Prosentdel som opplever mykje press på minst to område. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn



Prosentdel som i løpet av den siste veka i stor eller svært stor grad har opplevd så mykje press at dei har hatt problem med å takle det. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Kor ofte ungdom i løpet av ei vanleg skuleveke bruker å ete frukost før skulen og kor ofte dei et lunsj, frukt og grønt i løpet av skuledagen




Matvaner

I ungdomstida utviklar kroppen seg raskt, og behovet for næringsstoff aukar. Gode kosthaldsvanar blir etablerte tidleg og tekne med vidare i livet. Det vi et og drikk påverkar helsa vår. Eit sunt kosthald og god ernæring kan redusere risikoen for ei rekkje sjukdomar og er avgjerande for vekst og utvikling i ungdomstida. Dei nasjonale kosthaldsråda seier at kosthaldet vårt bør vere variert og innehalde mykje grønsaker, frukt og bær, grove kornprodukt og fisk. Vi bør dessutan avgrense mengda av bearbeidd kjøtt og raudt kjøtt og redusere inntaket av sukker og salt.


Prosentdelen som et frukost før første time fem gonger i veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Prosentdel som et grønsaker, frukt eller bær i løpet av skuledagen fem gonger i veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Prosentdel som et matpakke eller lunsj på skulen fem gonger i veka. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



Rusmiddel


Ungdomstida er ei tid då mange gjer seg sine første erfaringar med ulike rusmiddel. I ungdomsalderen blir rusmiddel ofte brukte i sosiale fellesskap, og for mange fungerer eksperimentering med og bruk av alkohol som ei symbolsk markering av overgangen frå barn til ungdom. Samstundes veit vi at det å debutere tidleg aukar sannsynet både for skadar eller andre negative opplevingar i ungdomstida og for eit problematisk forhold til rusmiddel seinare i livet.

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Sjølv om vi har sett ein nedgang i alkoholbruken til ungdommen sidan tusenårsskiftet, er det framleis mange unge som drikk, særleg mot slutten av tenåra. Ungdata viser stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei byrjar å drikke alkohol. På slutten av ungdomsskulen har omtrent éin av fire opplevd å ha vore rusa. Det store fleirtalet har såleis ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen, og berre eit mindretal har prøvd narkotiske stoff. Det er generelt små forskjellar mellom gutar og jenter sine alkoholvanar.

I løpet av dei siste 25 åra har kampen mot røyking blitt intensivert. Aldersgrensa for å kjøpe tobakk er heva frå 16 til 18 år, og ei eiga røykjelov er innført. Tiltaka har ført til ein nedgang i prosentdelen daglegrøykjarar som er nesten utan sidestykke i norsk sosialhistorie. Prosentdelen røykjarar har gått markant ned frå tusenårsskiftet til i dag, både blant ungdom og vaksne. Samstundes har prosentdelen unge som snusar, gått opp. Auken i snusing veg likevel ikkje opp for nedgangen i røyking, og den samla bruken av tobakk har gått ned.


På landsbasis har prosentdelen som har prøvd cannabis gått opp dei seinaste åra. Det er òg fleire unge enn for ei tid tilbake som fortel at dei har fått tilbod om stoff som hasj eller marihuana.

Hender det at du drikk noka form for alkohol? Prosent i Vestland og nasjonalt




” På ungdomsskulen har dei færreste byrja å drikke alkohol


Prosentdel som aldri har smakt alkohol eller berre har smakt nokre få gonger. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Kor mange gonger i løpet av det siste året har du vore rusa på alkohol? Vestland og nasjonalt




Får du lov av dine foreldre/føresette til å drikke alkohol? Vestland og nasjonalt



Prosentdel som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året. Blant elevar på ulike klassetrinn




Prosentdel som får lov av foreldra/dei føresette til å drikke alkohol. Blant elevar på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året




Røykjer du? Prosent i Vestland og nasjonalt




Snusar du? Prosent i Vestland og nasjonalt



Prosentdel som røykjer kvar veke eller kvar dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Prosentdel som snusar kvar veke eller kvar dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.


Prosentdel av elevar på ungdomstrinnet som røykjer eller snusar kvar dag eller kvar veke




Kor mange gonger i løpet av det siste året har du brukt hasj eller marihuana? Vestland og nasjonalt




Har du fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året? Vestland og nasjonalt



Prosentdel som har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Blant elevar på ulike klassetrinn



Prosentdel som har fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Blant elevar på ulike klassetrinn



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har brukt hasj eller marihuana / har fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året

- Har brukt hasj eller marihuana det siste året
- Har fått tilbod om hasj eller marihuana det siste året



Regelbrot

Ungdomstida er ei tid for utprøving på nye arenaer. I denne fasen av livet er det ikkje uvanleg å vere med på aktivitetar som er på kant med det som er alminneleg sosialt akseptert – inkludert å bryte reglar som er fastsette i lovverket. Det er eit etablert funn innanfor kriminologisk forskning at lovbrøt er vanlegast blant ungdom og unge vaksne. I eit historisk perspektiv blir likevel dei unge kriminelle stadig eldre. På slutten av 1950-talet var kriminalitet vanlegast blant 14-åringar i Noreg, medan det i dag er 19-åringane som toppar kriminalstatistikken.

Tidleg kriminell debut og alvorlege lovbrøt aukar risikoen for ein kriminell karriere seinare i livet. Det er ikkje heilt tilfeldig kven som hamnar i denne gruppa. Ungdommar som gjer seg skuldige i kriminelle handlingar, har ofte andre tilleggsproblem, som til dømes ustabile heimeliv, dårleg psykisk helse, dårleg skuletilpassing, svakt sosialt nettverk og rusproblem.


Etter ein nokså kraftig auke gjennom store delar av etterkrigstida, har omfanget av lovbrøt mellom ungdom gått ned sidan tusenårsskiftet. Ungdata viser at ungdommen i dag er generelt veltilpassa og ikkje spesielt opptekne av å bryte reglar. Sidan 2015 har prosentdelen unge som gjer seg skuldige i regelbrøt, gått opp på landsbasis, særleg blant gutane.

Prosentdel som er involverte i ulike former for regelbrøt. Prosent i Vestland



” **Dei fleste unge er nokså lovlydige. Det er oftast nokre få av ungdomane som står for mesteparten av lovbrøta**

Prosentdel elevar i Vestland og nasjonalt som i ulik grad er involverte i regelbrøt



Kategorisering

I Ungdata blir ungdom plasserte i ulike kategoriar etter kor mange eller få regelbrot dei rapporterer om i undersøkinga.

Kategoriseringa er basert på seks spørsmål om kor mange gonger i løpet av det siste året kvar enkelt har vore med på handlingar som enten kan reknast for lovbrøt (nasking, hærverk og tagging) eller andre former for regelbrøt (som å snike seg inn på stader utan å betale, snike seg ut heimanfrå om natta, slåsting og skulking).


Spørsmåla er valde ut fordi dei har vore med i Ungdata dei siste åra og såleis gjer det mogeleg å samanlikne med andre kommunar og regionen og med nasjonale tal.

Gruppa av ungdom som hamnar i kategorien «Ingen regelbrøt» er alle dei som svarer at dei ikkje har vore med på nokon av lov- og regelbrøta dei får spørsmål om. «Nokre regelbrøt» gjeld dei som berre har vore med på nokre av handlingane nokre få gonger. Dei som rapporterer at dei har vore med på alle eller dei fleste av desse handlingane, gjerne fleire gonger, hamnar i kategorien «Mange regelbrøt».

Prosentdel som er involverte i ulike former for regelbrøt



Regelbrøt blant gutar og jenter i Vestland



Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har teke varer i butikken utan å betale og prosentdelen som har gjort hærverk

- Har teke varer frå ein butikk utan å betale det siste året
- Har gjort hærverk med vilje det siste året



Vald og trakassering


Ungdom i Noreg rapporterer generelt om høg trivsel og gode levekår. Samstundes blir ein del unge ramma av mobbing, vald eller andre former for trakassering. Nokre opplever vald og krenkingar frå andre unge, og mobbing og seksuelle krenkingar i ungdomstida er særleg kopla til jamaldringar.

Medan mobbing har stått høgt på dagsorden i lang tid, har seksuell trakassering og vald som foreldre utset unge for, fått mindre merksemd i forskinga. I dag er vi meir merksame på desse fenomenen. Det er rekna for viktig å ha god kunnskap og oversikt slik at ein kan utvikle betre politikk på området.

Forskingsinstitutta NOVA og NKVTS har begge gjennomført nasjonalt representative studiar av i kor stor grad unge er utsette for vald i familien. Begge institutta har funne at fleirtalet av ungdom ikkje har opplevd vald. Samstundes har ein del unge blitt utsette for ei eller anna form for fysisk vald av ein forelder, medan langt færre har opplevd alvorleg vald. Ungdata bidreg med oppdaterte lokale og nasjonale tal om kor utsette unge er for vald i heimen. Undersøkinga kan gje oss eit inntrykk av korleis dette varierer geografisk.


Førebygging er ein viktig grunn for å kartleggje omfanget av og utviklinga i ulike former for vald og trakassering. Det er ofte vanskeleg å måle verknaden av førebyggjande tiltak direkte. Det er likevel viktig å ha kunnskap om kor vanleg vald og trakassering er i ulike grupper og om eventuelle endringar over tid, både som grunnlag for å planleggje tiltak og for å kunne seie noko om kor vidt tiltaka treff den tiltenkte målgruppa og kva verknad tiltaka har.

Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida? Prosent i Vestland og nasjonalt




” På landsbasis opplever om lag åtte prosent jamleg å bli plaga, utfrosen eller truga av andre unge


Prosentdel som blir mobba minst kvar 14. dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Hender det at du er med på plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida? Vestland og nasjonalt




Blir du mobba, truga eller utestengd på nett?



Prosentdel som mobbar andre minst kvar 14. dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Prosentdel som blir mobba, truga eller utestengde på internett minst kvar 14. dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn




Tidstrend i Vestland.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som blir mobba minst kvar 14. dag



Prosentdel som har blitt utsette for ulike former for seksuell trakassering i løpet av det siste året



Seksuell trakassering


#metoo-kampanjen har bidrege til å auke merksemda om seksuell trakassering. Seksuell trakassering blir gjerne definert som uønskt seksuell merksemd og handlar om åtferd og handlingar som spelar på kjønn, kropp og seksualitet, og der den eine parten opplever det som hender som ubehageleg eller trugande.

Seksuell trakassering kan skje på ulike måtar. Ungdata kartlegg verbale former for trakassering, uønskt deling av nakenbilete eller -filmar, spreing av negative seksuelle rykte og uønskt beføling.


For å avgrense fenomenet frå legitime former for seksuell kontakt har vi formulert spørsmåla slik at dei fangar opp handlingar som har skjedd mot dei unge sin vilje eller på ein negativ og/eller sårande måte som dei absolutt ikkje likte.

Ein god del unge har opplevd å bli utsette for seksuell trakassering. Jenter er generelt meir utsette enn gutar, men gutar opplever òg denne forma for trakassering.

Prosentdel som i løpet av det siste året har opplevd at nokon mot deira vilje befølte dei på ein seksuell måte. Blant gutar og jenter



Prosentdel som det siste året har opplevd at nokon har delt bilete eller filmar av dei der dei er nakne eller deltek i seksuelle handlingar. Blant gutar og jenter




Vald utført av jamaldringar

Mesteparten av valden som unge blir utsette for, hender i møte med andre ungdommar. I mange tilfelle skjer valden mellom unge menneske som kjenner eller kjenner til kvarandre frå før.


Valdserfaringane oppstår under ulike omstende, og det varierer kor alvorlege dei er. Nokre handlingar skjer i affekt, medan andre er planlagde. Nokre handlingar er ikkje særleg alvorlege, men andre gonger skjer det svært alvorlege kriminelle handlingar som til dømes ran.

To spørsmål i Ungdata handlar om vald utført av jamaldringar. Det første av spørsmåla dekkjer handlingar som er nokså vanlege blant ungdom, som slag, spark, lugging. Det andre kartlegg erfaringar med å ha blitt truga, gått til angrep på eller rana med gjenstandar eller våpen.

Har ein ungdom slått deg, sparka deg, rista deg hardt, lugga deg eller liknande?



Har ein ungdom med gjenstandar eller våpen truga, gått til angrep på eller rana deg?




Vald i familien

Vald i familien er ei samlenemning som dekkjer eit spekter av ulike fenomen. Foreldre kan utsetje barna sine for både fysisk og psykisk vald. I dag seier vi at barn og unge er utsette for vald òg dersom dei lever med vald i familien. Dette blir ofte kalla vitneerfaringar.


Ei rekkje ulike fenomen kan skule seg bak nemninga fysisk vald utført av foreldre. Det kan vere ei enkeltstående hending eller systematisk vald, og valden kan vere meir eller mindre gongar.

Ungdata kartlegg vald i familien med to spørsmål. Vi spør om ungdommen i løpet av det siste året har opplevd å bli slått av ein vaksen i familien og om dei har vore vitne til at vaksne i familien har blitt utsette for vald. Resultata viser at dette er ein realitet for nokre unge.

Har ein vaksen i familien din slått deg med vilje?




Har du sett eller høyrte at ein vaksen i familien din har blitt slått, sparka, rista hardt eller lugga av ein annan vaksen i familien?




Fylke – Noreg

■ Vestland ■ Noreg




■ Vestland ■ Noreg



Etter sentralitet


■ Vestland ■ Minst sentrale kommuner ■ Mellomsentrale kommuner ■ Sentrale kommuner



Kommunar med ulik sentralitetsgrad

SSB har laga eit mål for kor sentralt alle kommunane i Noreg ligg. Målet seier noko om kor mange arbeidsplassar og serviceinstitusjonar ein kan nå med bil i løpet av 90 minutt, frå der ein bur. I figurane på denne og den neste sida kan ein samanlikne Vestland med tre kategoriar kommunar med ulik sentralitetsgrad. Dei sentrale kommunane er dei mest folkerike kommunane, medan dei minst sentrale kommunane i hovudsak ligg i det som gjerne blir kalla for Distrikts-Noreg.

■ Vestland ■ Minst sentrale kommuner ■ Mellomsentrale kommuner ■ Sentrale kommuner



Definisjonar

Korleis nøkkelindikatorane er målte.

Har minst éin fortruleg venn

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du minst éin venn som du kan stole heilt på og tru deg til om alt mogleg?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «Ja, heilt sikkert» eller «Ja, det trur eg».

Har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger har du vore ute med venner størsteparten av kvelden i løpet av den siste veka (dei siste sju dagane)?» Indikatoren viser kor mange prosent som har svart minst to gonger.

Har vore sosial på nettet størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka.

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av den siste veka (dei siste sju dagane) har du vore sosial på nettet eller mobilen størstedelen av kvelden (snakka, chatta etc.)?» Indikatoren viser kor mange prosent som har svart minst to gonger.

Har vore veldig mykje plaga av kjensla av å vere einsam i løpet av den siste veka

Indikatoren er målt med spørsmål som kartlegg kor mange som er plaga med ulike former for psykiske helseplager. Indikatoren viser kor mange som svarer at dei er «veldig mykje plaga» av «kjent deg einsam».

Er nøgd med foreldra

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med (...) foreldra dine?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Er nøgd er med skulen du går på

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med (...) skulen du går på?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Bruker minst éin time kvar dag på lekser og anna skularbeid utanom skulen

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor lang tid bruker du i gjennomsnitt per dag på lekser og anna skularbeid (utanom skuletida)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei bruker minst éin time på lekser kvar dag.

Har skulka skulen det siste året

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du skulka skulen det siste året?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst éin gong.

Er nøgd med lokalmiljøet

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med (...) lokalmiljøet der du bur?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Kjenner seg trygg i nærområdet

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å ferdast i nærområdet der du bur?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «Ja, svært trygt» eller «Ja, ganske trygt».

Synest tilbudet av idrettsanlegg i nærområdet er bra

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjeld (...) idrettsanlegg?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært bra» eller «nokså bra».

Synest tilbudet av lokale der ein kan treffe andre unge på fritida er bra

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjeld (...) lokale der ein kan treffe andre unge på fritida (fritidsklubb, ungdomshus e.l.)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært bra» eller «nokså bra».

Synest kulturtilbudet er bra

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjeld (...) kulturtilbudet (kino, konsertscener, bibliotek e.l.)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært bra» eller «nokså bra».

Synest kollektivtilbudet er bra

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbudet til ungdom er når det gjeld (...) kollektivtilbudet (buss, tog, trikk e.l.)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært bra» eller «nokså bra».

Trur dei vil fullføre vidaregåande skule

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Trur du at du vil komme til å fullføre vidaregåande skule?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

Trur dei vil ta høgare utdanning

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Trur du at du vil komme til å ta utdanning på universitet eller høgskule?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

Trur dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Trur du at du kjem til å få eit godt og lukkeleg liv?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

Trur dei nokon gong vil bli arbeidsledige

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Trur du at du nokon gong vil bli arbeidsledig?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja».

Bruker minst tre timar kvar dag på skjermaktivitetar

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Utanom skulen, kor lang tid bruker du vanlegvis på aktivitetar framfor ein skjerm (TV, data, nettbrett, mobil) i løpet av ein dag?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer tre timar eller meir.

Bruker minst to timar kvar dag på elektroniske spel

Indikatoren er målt med to spørsmål som blir innleia med denne teksten: «Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på (...) dataspel/TV-spel?» Og «Kor lang tid bruker du på (...) spel på telefon/nettbrett?» Indikatoren viser kor mange prosent som til saman svarer to timar eller meir.

Bruker minst to timar kvar dag på sosiale medium

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på (...) sosiale medium?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer to timar eller meir.

Er med på organiserte fritidsaktivitetar

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Er du, eller har du tidlegare vore, med i organisasjonar, klubbar, lag eller foreningar etter at du fylte 10 år?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «Ja, eg er med no».

Har delteke i eit idrettslag den siste månaden

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i (...) idrettslag?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer minst ein gong.

Har vore i ein fritidsklubb den siste månaden

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i (...) fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer minst ein gong.

Trenar minst ein gong i veka

Indikatoren er målt med fire spørsmål om kor ofte ungdommen trenar eller driv med desse aktivitetane: «Trenar eller konkurrerer i eit idrettslag», «Trenar på treningsstudio eller helsestudio», «Trenar eller trimmar på eiga hand (spring, sym, sykklar, går tur)» og «Driv med anna organisert trening (dans, kampsport e.l.)». Indikatoren viser kor mange prosent som til saman svarer at dei trenar minst ein gong i veka.

Er nøgd med helsa si

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor nøgd eller misnøgd er du med helsa di?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «svært nøgd» eller «litt nøgd».

Har vondt i hovudet kvar dag

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du hatt nokre av desse plagene den siste månaden?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har hatt hovudverk «kvar dag».

Har hatt mange psykiske plager dei siste sju dagane

Indikatoren er målt med eit spørsmål om ein i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: «Kjent at alt er eit slit», «Hatt søvnproblem», «Kjent deg ulykkeleg, trist eller deprimert», «Kjent håpløse med tanke på framtida», «Kjent deg stiv eller spent» og «Uroa deg for mykje om ting». Indikatoren viser kor mange prosent som i gjennomsnitt svarer at dei minst er ganske mykje plaga med desse symptoma.

Opplever mykje press på minst to område

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Opplever du press i kvardagen din?» Ungdommane blei bedne om å svare på om dei opplever «press om å sjå bra ut eller ha ein fin kropp», «press om å gjere det bra på skulen», «press om å gjere det bra i idrett» og «press om å ha mange følgjarar og «likes» på sosiale medium». Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei opplever «mykje press» eller «svært mykje press» på minst to av desse områda.

Drikk ikkje eller har berre smakt alkohol

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Hender det at du drikk noka form for alkohol?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «aldri» eller «har berre smakt nokre få gonger».

Røykjer kvar dag/veke

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Røykjer du?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «røykjer kvar dag» eller «røykjer kvar veke, men ikkje kvar dag».

Snusar kvar dag/veke

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Bruker du snus?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «snusar kvar dag» eller «snusar kvar veke, men ikkje kvar dag».

Har vore rusa på alkohol det siste året

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av det siste året (dei siste 12 månadene) har du (...) drukke så mykje at du har kjent deg tydeleg rusa?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst ein gong.

Har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av det siste året (dei siste 12 månadene) har du (...) brukt hasj eller marihuana?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst ein gong.

Har fått tilbod om hasj eller marihuana

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Har du fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året (dei siste 12 månadene)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dette har skjedd minst ein gong.

Har teke varer frå ein butikk utan å betale det siste året

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av det det siste året (dei siste 12 månadene) har du (...) teke med deg varer frå ein butikk utan å betale » Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst ein gong.

Har gjort hærverk med vilje det siste året

Indikatoren er målt med spørsmålet: «Kor mange gonger i løpet av det det siste året (dei siste 12 månadene) har du (...) med vilje øydelagt eller knust vindaug, bussete, postkasser eller liknande (gjort hærverk)?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer at dei har gjort dette minst ein gong.

Har blitt mobba minst kvar 14. dag

Indikatoren er målt med spørsmålet «Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?» Indikatoren viser kor mange prosent som svarer «ja, fleire gonger i veka», «Ja, om lag ein gong i veka» eller «Ja, om lag kvar 14. dag».

Litteratur

Liste over forskningslitteratur som gjeld temaa i denne rapporten.

Livskvalitet

Samdal, O., F. K.S. Mathisen, T. Torsheim, Å. R. Diseth, A-S. Fismen, T. Larsen, B. Wold & E. Årdal (2016). *Helse og trivsel blant barn og unge*. Hemil-rapport 1/2015. Bergen: Hemil-senteret, Universitetet i Bergen.

Helsedirektoratet (2018). *Livskvalitet. Anbefalinger for et bedre målesystem*. Oslo: Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet (2016). *Gode liv i Norge. Utredning om måling av befolkningens livskvalitet*. Oslo: Helsedirektoratet.

Folkehelseinstituttet (2019). *Fakta om livskvalitet og trivsel*. Hentet fra www.fhi.no/fp/psykiskhelse/livskvalitet-og-trivsel/livskvalitet-og-trivsel/

Venner

Frøyland, L.R. & C. Gjerustad (2012). *Vennskap, utdanning og framtidsplaner. Forskjeller og likheter blant ungdom med og uten innvandrerbakgrunn i Oslo*. NOVA rapport 5/2012. Oslo: NOVA.

Sletten, M. Aa. (2013). «Betydningen av å lykkes sosialt i ungdomstiden - er dårlige venner bedre enn ingen venner?» I T. Hammer og C. Hyggen (red.): *Ung voksen og utenfor. Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet*. Oslo: Gyldendal Akademiske.

Foreldre

Elstad, J.I. & K. Stefansen (2014). «Social Variations in Perceived Parenting Styles Among Norwegian Adolescents». *Child Indicators Research*, 7(3): 649–70.

Øia, T. & V. Vestel (2014). «Generasjonskløfta som forsvant. Et ungdomsbilde i endring». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 14(1): 99–133.

Bakken, A., L.R. Frøyland & M. Aa. Sletten (2016). *Sosiale forskjeller i unges liv. Hva sier ungdomsundersøkinga?* NOVA Rapport 3/2016. Oslo: NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus.

Andersen, P.L., & M. Dæhlen (2017). *Sosiale relasjoner i ungdomstida: identifisering og beskrivelse av ungdom med svake relasjoner til foreldre, skole og venner*. NOVA rapport 8/2017. Oslo: NOVA.

Stefansen, K., I. Smette & Å. Strandbu (2016). «Understanding the increase in parents' involvement in organized youth sports». *Sport, Education and Society*. <http://dx.doi.org/10.1080/13573322.2016.1150834>

Strandbu, Å., K. Stefansen, I. Smette & M. Renslo Sandvik (2017). «Young people's experiences of parental involvement in youth sport». *Sport, Education and Society*. <https://doi.org/10.1080/13573322.2017.1323200>

Skule

Birkelund, G.E. & A. Mastekaasa (2009). *Integrert? Innvandrere og barn av innvandrere i utdanning og arbeidsliv*. Oslo: Abstrakt forlag.

Øia, T. (2011). *Ungdomsskoleelever. Motivasjon, mestring og resultater*. NOVA rapport 9/2011. Oslo: NOVA.

Borg, E. (2013). «Does Working Hard in School Explain Performance Differences between Girls and Boys? A Questionnaire-based Study Comparing Pakistani Students with Majority Group Students in the City of Oslo». *YOUNG*, 21(2): 133–154.

Skaalvik, E. & R. Andre Federici (2015). Prestasjonspresset i skolen. *Bedre skole*, (3): 11-15.

Elstad, J.I. og A. Bakken (2015). «The effects of parental income on Norwegian adolescents' school grades: A sibling analysis». *Acta Sociologica*, (58): 265–282.

Bakken, A. (2016). «Endringer i skoleengasjement og utdanningsplaner blant unge med og uten innvandringsbakgrunn. Trender over en 18-årsperiode». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 16(1): 40–62.

Grøgaard, J.B. & C.Å. Arnesen (2016). «Kjønnforskjeller i skoleprestasjoner: Ulik modning?». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 16(2): 42-68.

Bunting M., G. H. Moshuus (2017). *Skolesamfunnet: Kompetansekrav og ungdomsfelleskap*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Erstad, O. & I. Smette (2017). *Ungdomsskole og ungdomsliv. Læring i skole, hjem og fritid*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Nielsen, H. B. & I. Henningsen (2018). «Guttepanikk og jentepress – paradokser og kunnskapskrise». *Tidsskrift for kjønnforskning*, 42(01-02): 6-28.

Vogt, K.C. (2018). «Svartmaling av gutter». *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 2(02): 177-193.

Lokalmiljøet

Sandlie, H.C. & P. L. Andersen (2016). «'Rotløs ungdom' – ungdom, flytting og livssjanser». *Sosiologi i dag*, 46(3-4): 130-158.

Brattbakk, I. & T. Wessel (2013). «Long-term Neighbourhood Effects on Education, Income and Employment among Adolescents in Oslo». *Urban Studies*, 50(2): 391-406.

Pettersen, O.M. & M. Aa. Sletten (2019). «Å ha lite der de fleste har mye». *Tidsskrift for Ungdomsforskning*, 18(2): 139-170.

Framtid

Sletten, M. Aa. (2011). «Limited Expectations? How 14-16-Year-Old Norwegians in Poor Families Look at Their Future». *YOUNG*, 19(2): 181-218.

Gjerustad, C. & T. von Soest (2012) «Socio-economic status and mental health – the importance of achieving occupational aspirations». *Journal of Youth Studies*, 15(7): 890-908.

Hyggen, C. & C. Gjerustad (2013). «Knuste drømmer? Aspirasjoner, yrkeskarriere og mental helse fra ung til voksen». I T. Hammer & C. Hyggen (red.): *Ung voksen og utenfor. Mestring og marginalitet på vei til voksenlivet*. Oslo: Gyldendal Akademiske.

Hegna, K. (2014). «Changing educational aspirations in the choice of and transition to post-compulsory schooling – a three-wave longitudinal study of Oslo youth». *Journal of Youth Studies*, 17(5): 592-613.

Medium

Medietilsynet (2016). *Barn og medier 2016*. Hentet fra www.barnogmedier2016.no

Frøyland, L.R., M.B. Hansen, M. Aa. Sletten, L. Torgersen & T. von Soest (2010). *Uskyldig moro? Pengespill og dataspill blant norsk ungdom*. NOVA rapport 18/2010. Oslo: NOVA.

Sletten, M. Aa., Å. Strandbu & Ø. Gilje (2015). «Idrett, dataspilling og skole – konkurrerende eller 'på lag'?». *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 99(05): 334-350.

Arvola, A. K. & A. Clancy (2014). «World of Warcraft – til ungdommers begjær og foreldres besvær - Unge online-spillende menns opplevelse av spillet med foreldre og medspillere». *Fokus på familien*, 42(03): 184-203.

Eklund, L. & S. Roman (2018). «Digital Gaming and Young People's Friendships: A Mixed Methods Study of Time Use and Gaming in School». *YOUNG*, 27(1): 32-47.

Overå, S. & H-J. Weihe Wallin (2016). *Spillavhengighet. Gaming og gambling*. Stavanger: Hertervig Akademisk.

Overå, S. (2016). «Moderne oppvekst på boks: om dataspill, unge, identitet og læring». *Rusfag*, 1(2016): 19-29.

Décieux, J.P., A. Heinen & H. Willems (2019). «Social media and its role in friendship-driven interactions among young people: A mixed methods study». *YOUNG*, 27(1): 18-31.

Wichstrøm, L., F. Stenseng, J. Belsky, T. von Soest & B.W. Hygen (2019). «Symptoms of Internet gaming disorder in youth: Predictors and comorbidity». *Journal of abnormal child psychology*, 47(1): 71-83.

Organisert fritid

Ødegård, G. (2007). «Troløs ungdom. Endringer i ungdoms deltagelse i frivillige organisasjoner fra 1992 til 2002». I Å. Strandbu & T. Øia (red): *Ung i Norge. Skole, fritid og ungdomskultur*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Ødegård, G., K. Steen-Johnsen & B. Ravneberg (2012). «Rekruttering av barn og unge til frivillige organisasjoner – Barrierer, tiltak og institusjonelt samarbeid». I B. Enjolras, K. Steen-Johnsen & G. Ødegård (red.): *Deltagelse i frivillige organisasjoner. Forutsetninger og effekter*. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Ødegård, G. & A. Fladmoe (2017). *Samfunnsengasjert ungdom: Deltakelse i politikk og organisasjonsliv blant unge i Oslo*. Rapport fra Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Hentet fra <http://hdl.handle.net/11250/2442826>.

Eriksen, I.M. & I. Seland (2019). *Ungdom, kjønn og fritid*. NOVA Notat 6/19.

Seland, I. & P.L. Andersen (2019). *Fritidsklubber i et folkehelseperspektiv. Analyser av statlige dokumenter 2007–2017 og Ungdata 2015–2017*. NOVA Notat 1/19.

Seland, I. & P.L. Andersen (2020). «Hva kjennetegner ungdom som går på norske fritidsklubber og ungdomshus?». *Nordisk tidsskrift for ungdomsforskning*, 1(1): 6-26. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-8162-2020-01-02>.

Idrett

Ødegård, G. (2007). «Troløs ungdom. Endringer i ungdoms deltagelse i frivillige organisasjoner fra 1992 til 2002». I Å. Strandbu & T. Øia (red): *Ung i Norge. Skole, fritid og ungdomskultur*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Broch, T.B. (2016). «Trening til samfunnsdeltakelse. Hvordan idrettsungdom leker med og etablerer solidaritet til hierarkier». *Sosiologi i dag*, 46 (3-4): 64-86.

Seippel, Ø., M.K. Sisjord & Å. Strandbu (2016). *Ungdom og idrett*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Andersen, P.L. & A. Bakken (2018). «Social class differences in youths' participation in organized sports: What are the mechanisms?». *International Review for the Sociology of Sport*, 54(8): 921-937.

Bakken, A. (2019). *Idrettens posisjon i ungdomstida. Hvem deltar og hvem slutter i ungdomsidretten?* NOVA rapport 2/2019.

Strandbu, A., A. Bakken & M. Aa. Sletten (2019). «Exploring the minority-majority gap in sport participation: different patterns for boys and girls?». *Sport in Society*, 22(4): 606-624.

Trening og fysisk aktivitet

Logstein, B., A. Blekesaune & R. Almås (2013). «Physical activity among Norwegian adolescents – a multilevel analysis of how place of residence is associated with health behavior: the Young-HUNT study». *International Journal for Equity in Health* 2013, 12(1): 56.

Ødegård, G., A. Bakken & Å. Strandbu (2016). *Idrettsdeltakelse og trening blant ungdom i Oslo. Barrierer, frafall og endringer over tid*. Rapport 7/2016. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Lillejord, S., A. Vågan, L. Johansson, K. Børte & E. Ruud (2016). *Hvordan fysisk aktivitet i skolen kan fremme elevers helse, læringsmiljø og læringsutbytte. En systematisk kunnskapsoversikt*. Oslo. Kunnskapssenter for utdanning. Hentet fra www.kunnskapssenter.no

Torstveit, M.K., B.T. Johansen, S.H. Haugland & T.H. Stea (2018). «Participation in organized sports is associated with decreased likelihood of unhealthy lifestyle habits in adolescents». *Scandinavian Journal of Medicine & Science in Sports*, 28(11): 2384-2396.

Helse

Wichstrøm, L. (2006). «Internaliserende vansker». I I.L. Kvalem & L. Wichstrøm (red): *Ung i Norge – psykososiale utfordringer*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

von Soest, T. & C. Hyggen (2013). «Psykiske plager blant ungdom og unge voksne - hva vet vi om utviklingen de siste årtiene?». I T. Hammer & C. Hyggen (red): *Ung voksen og utenfor. Mestring og marginalisering på vei til voksenlivet*. Oslo: Gyldendal akademiske.

von Soest, T. & L. Wichstrøm (2014). «Secular Trends in Depressive Symptoms Among Norwegian Adolescents from 1992 to 2010». *Journal of Abnormal Child Psychology*, 42(3): 403-415.

Sletten, M. Aa. (2015). «Psykiske plager blant ungdom. Sosiale forskjeller og historien om de flinke pikene». *Barn i Norge*. Hentet fra <http://hdl.handle.net/10642/2997>

Sletten, M. Aa. & A. Bakken (2016). *Psykiske helseplager blant ungdom – tidstrender og samfunnsmessige forklaringer. En kunnskapsoversikt og en empirisk analyse*. NOVA notat 4/16. Oslo: NOVA.

Eriksen, I.M., M. Aa. Sletten, A. Bakken & T. von Soest (2017). *Stress og press blant ungdom: Erfaringer, årsaker og utbredelse av psykiske helseplager*. NOVA rapport 6/2017 Oslo: NOVA.

Gammelsrud, T. F., L. G. Kvarme & N. Misvær (2017). «Hvem går til helsesøster?». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 17(1): 54-77.

Helse

Bakken, A., M. Aa. Sletten & I.M. Eriksen (2018). «Generasjon prestasjon? Ungdoms opplevelse av press og stress». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 18(2): 45-75.

Pedersen, W. & I.M. Eriksen (2019). «Hva de snakker om når de snakker om stress». *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 2(3): 101-118.

Eriksen, I.M. (2020). «Class, parenting and academic stress in Norway: middle-class youth on parental pressure and mental health». *Discourse: Studies in the Cultural Politics of Education*, <https://doi.org/10.1080/01596306.2020.1716690>

Rusmiddel

Tormod, Ø. (2013). *Ungdom, rus og marginalisering*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Pedersen, W., A. Bakken & T. von Soest (2015). «Adolescents from affluent city districts drink more alcohol than others». *Addiction*, 110(10): 1595-1604.

Abebe, D.S., G.S. Hafstad, G.S. Brunborg, B.N. Kumar & L. Lien (2015). «Binge drinking, cannabis and tobacco use among ethnic Norwegian and ethnic minority adolescents in Oslo, Norway». *Journal of immigrant and minority health* 17(4): 992-1001.

Pedersen, W. (2015). *Bittersøtt*. Oslo: Universitetsforlaget.

Pedersen, W. & T. von Soest (2015). «Adolescent alcohol use and binge drinking: An 18-year trend study of prevalence and correlates». *Alcohol and Alcoholism*, 50(2), 219-225.

Pedersen, W. & A. Bakken (2016). «Urban landscapes of adolescent substance use». *Acta Sociologica*, 59(2): 131-150.

Pedersen, W., A. Bakken & T. Soest (2018). «Neighborhood or School? Influences on Alcohol Consumption and Heavy Episodic Drinking Among Urban Adolescents». A Multidisciplinary Research Publication 47(10): 2073-2087.

Pape, H., I. Rossow & G.S. Brunborg (2018). «Adolescents drink less: How, who and why? A review of the recent research literature». *Drug and Alcohol Review*, 37(1): 98-S114.

Pedersen, W., A. Bakken & T. von Soest (2019). «Mer bruk av cannabis blant Oslo-ungdom: Hvem er i risikozonen?». *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 3(6): 457-471.

Mobbing

Barbovschi, M. & E. Staksrud (2020). *The experiences of Norwegian adolescents with online sexual message*. EU Kids Online and the Department of Media and Communication, Universitetet i Oslo. Hentet fra <https://www.hf.uio.no/imk/english/research/projects/eu-Kids-onlineIV/publications/2020/>

Breivik, K., E. Bru, C. Hancock, T. Idsøe, E. Cosmovici Idsøe & M.E. Solberg (2018). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Stavanger: Læringsmiljøseneteret.

Eriksen, I.M. & S. Therese Lyng (2015). *Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø. Gode strategier, harde nøtter og blinde flekker*. NOVA rapport 14/2015. Oslo: NOVA/AFI Høgskolen i Oslo og Akershus.

Eriksen, I.M. & S. Therese Lyng (2016). «Relational aggression among boys: blind spots and hidden dramas». *Gender and Education*, 30(3): 396-409.

Regelbrot

Frøyland, L.R. & M. Aa. (2012). «Mindre problematferd for de fleste, større problemer for de få? En studie av tidstrender i problematferd: 1992, 2002 og 2010». *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 12(2): 43-66.

Arnett, J.J. (2018). Getting better all the time: Trends in risk behavior among American adolescents since 1990. *Archives of Scientific Psychology*, 6(1): 87.

Oslo Kommune, SALTO (2018). *Barne- og ungdomskriminaliteten i Oslo: Rapport basert på data fra 2018*. Hentet fra <https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter/oslo/rapporter/barne--og-ungdomskriminalitet/barne--og-ungdomskriminaliteten-i-oslo---rapport-basert-pa-data-fra-2018.pdf>

Vald

Mossige, S. & K. Stefansen (2016). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007-2015*. NOVA rapport 5/2016. Oslo: NOVA.

Stefansen, K., I. Smette og D. Bossy (2014). «Angrep mot kjønnsfriheten: Unge jenters erfaringer med uønsket befalling». *Tidsskrift for kjønnsforskning*, 38(1): 3-19.

Frøyland, L.R. & T. von Soest (2020). «Adolescent boys' physical fighting and adult life outcomes: Examining the interplay with intelligence». *Aggressive Behavior*, 46(1): 72-83.

Frøyland, L.R. & T. von Soest (2018). «Trends in the perpetration of physical aggression among Norwegian adolescents 2007-2015». *Journal of Youth and Adolescence*, 47(9): 1938-1951.

Hafstad, G.S. & E.M. Augusti (2019). *Ungdoms erfaringer med vold og overgrep i oppveksten. En nasjonal undersøkelse av ungdom i alderen 12 til 16 år*. Rapport 4/2019. Oslo: NKVTS.

Harder, S.K., K.E. Jørgensen, J.P. Gårdshus & J. Demant (2019). «Digital sexual violence: Image-based sexual abuse among Danish youth». I M. Heinskou, M.L. Skilbrei & K. Stefansen (red.): *Rape in the Nordic countries. Continuity and change*. London: Routledge.

Stefansen, K., M. Løvgren & L.R. Frøyland (2019): «Making the case for 'good enough' rape prevalence estimates. Insights from a school-based survey experiment among Norwegian youths». I M. Heinskou, M.L. Skilbrei & K. Stefansen (red.): *Rape in the Nordic countries. Continuity and change*. London: Routledge.

Överlien, C. (2015). *Ungdom, vold og overgrep: skolen som forebygger og hjelper*. Oslo: Universitetsforlaget.

Överlien, C. (2015). «Våldsforskning om och med barn och ungdom». *Socialvetenskapligtidskrift*, 22(3-4): 231-243.

Nasjonale resultater fra Ungdata

Anders Bakken (2020). *Ungdata 2020. Nasjonale resultater*. NOVA rapport 16/2020.

Anders Bakken (2019). *Ungdata 2019. Nasjonale resultater*. NOVA rapport 8/2019.

Se www.ungdata.no for mer informasjon

Ungdata 2021

Vestland

OSLOMET

STORBYUNIVERSITETET

VELFERDSFORSKNINGSINSTITUTTET NOVA

KORUS
NORD



KoRus-Øst

Kompetansesenter rus – region øst

KORUS
OSLO

Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL
UNIVERSITETSSYKEHUSET I TRONDHEIM



Korus Vest
Stavanger

<3 KoRus Vest
Bergen



KoRus Sør

Blå Kors Borgestadklinikken

Ungdomstrinnet

© OsloMet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA, 2021
NOVA – Norwegian Social Research
www.oslomet.no/om/nova